



Fitjar Kommune
Att: Ordføreren
Rådhuset
5418 Fitjar

Sekretariat:
Kurt Grundvold
Torkelsneset 4, 5410 Sagvåg
Telefon: 99118950
e-post: utdanningsmessa@hotmail.com
Org.nr. 993 542 105 - MVA
Bank, Spv: 3520.65.34298

SØKNAD OM ØKONOMISK STØNAD TIL UTDANNINGSMESSA FOR SUNNHORDLAND 2024

Stord , 30. okt. 2023

Stord Rotaryklubb planlegg sin 32. Utdanningsmessa for Sunnhordland i Stord Idrettspark, Vikahaugane onsdag 24. og torsdag 25. januar 2024. Som tidlegare år inviterer me alle 9. og 10. klassane ved ungdomsskular i kommunane Austevoll, Fitjar, Bømlo, Tysnes, Stord, Kvinnherad Sveio og Etne til messa og elevane ved dei vidaregåande skular i Sunnhordland. Også elevar ved Vaksenopplæringsentra vert inviterte til messa. Messa er også open for publikum. På messa i 2023 deltok elevar frå samtlege kommunar.

Me har i fleire år arbeid for å utvikle messa både med kvalitet og omfang. I tilbakemeldingane frå deltakarane kan me konstatere at Utdanningsmessa for Sunnhordland vert sett på som eit stort og viktig bidrag i planane til elevar som skal velje utdanning og yrke. Messa vår har særleg brei oppslutnad frå skulefolk, elevar, verksemder og kommunane i distriktet vårt.

På messa i 2023 deltok 72 utstillarar som representerte eit breitt spekter av utdannings-institusjonar og offentlege og private verksemder. Me hadde om lag 1000 besøkjande på messa i tillegg til omlag 2400 elevar.

I samband med messa deler me ut eit utdanningsstipend på kr. 50.000. Stipendet er meint å stimulere ungdom som studerer ved høgskule/universitet eller driv med vidareutdanning og utviklingsarbeid med tanke på etablera eige verksemd i regionen vår. Det er SKL og Stord Rotary Klubb som sponsar stipendet. Stipendet i 2023 ble tildelt John Wilhelm Ulversøy Johnsen frå Stord.

Under messedagane skal me premiere beste stand og dei to beste skulane som leverer inn flest elevsvar i forhold til deltakelse. Det vert og trekt ut gåvekort til to elevar som har levert inn elevsvar. Utdanningsmessa får brei presentasjon i eigen messeavis som kjem ut ca. 10 dagar før messa. Den vil også bli tilgjengeleg på våre heimesider. www.utdanningsmessa.no.

Utdanningsmessa for Sunnhordland har som mål å hjelpe ungdommane til å gjere eit godt og framtidsretta studie- eller yrkesval gjennom å setja dei i kontakt med utdanningsinstitusjonar og verksemder. For Stord Rotary Klubb er det heile eit stort dugnadsprosjekt der medlemmene i klubben vår utfører meir enn 1100 dugnadstimar kvart år.

Prosjektet har eit budsjett på ca. kr. 700.000, dugnaden er då ikkje rekna med. Den største kostnaden er transport av elevar til/frå messa. I tillegg kjem leige av Idrettshallen, teknisk utstyr og andre naudsynte kostnader. Inntektene kjem i hovudsak frå utstillar i messehallen, støtte frå kommunane i regionen, Vestland Fylkeskommune og sponsorinntekter frå næringslivet.

Det er avgjerande at kommunane støtter Utdanningsmessa for Sunnhordland slik at me kan halde fram med å arrangera ei messe til beste for ungdommane i regionen vår. Etter vår meining kan messa bidra monaleg til å redusera tal på elevar som gjer feilval eller droppar ut frå vidare-gåande opplæring.

Når me har berekna storleiken på den økonomiske støtta som me søker om, har me nytta folketalsopplysningar frå SSB pr. 30.06.2023 som grunnlag med kr. 1,- pr. innbyggjar.

Regionen i Vestland Fylke er grunnlaget Kr. 0.50

Tilbakemeldingar frå kommunane syner at dette er ein god måte å berekne storleiken på søknaden om støtte på.

Kommune	Innbyggjarar	Tilskott me søkjer kommunane
Bømlo kommune	12190	kr. 12.190,-
Stord kommune	19154	kr. 19.154,-
Fitjar kommune	3188	kr. 3188,-
Tysnes kommune	2914	kr. 2914,-
Etne kommune	4079	kr. 4079,-
Sveio kommune	5733	kr. 5733
Kvinnherad kommune	13043	kr. 13.043,-
Austevoll kommune	5287	kr. 5287,-
Vestland Fylkeskommune	65588 (folketal i regionen)	kr. 32.794,-

Me søkjer også tilskott frå Vestland Fylkeskommune med kr. 0,50 pr. innbyggjar i Sunnhordlandregionen.

For å syne at kommunane og Fylkeskommunen bidreg med stønad til Utdanningsmessa for Sunnhordland presenterer me kommunelogo på heimesidene våre med direkte link til heimesida til den enkelte kommune og fylkeskommunen. I tillegg vert dei presentert i messeavisa vår og i messehallen under messedagane

Me vonar at kommunane og fylkeskommunen vil bidra med støtte til messa i 2024 slik at me kan sikra Utdanningsmessa for Sunnhordland gode økonomiske rammer.

For Fitjar Kommune utgjer vår søknad om støtte **kr. 3.188,-**

Håper på positiv tilbakemelding slik at Utdanningsmessa for Sunnhordland i januar 2024 kan sende Dykk faktura til bruk for betaling av støtta me søkjer om.

På førehand vil me takke for støtta.

Med beste helsing

Kurt Grundvold

Prosjektleder Utdanningsmessa for Sunnhordland